



Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Sogndal 16.04.2017

Til NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORET,
Konsesjonsavdelinga, seksjon for småkraft

ØVRE KVEMMA KRAFTVERK. SØKNAD OM PLANENDRING/KLAGE PÅ VEDTAK

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane har fått denne søknaden fra Lærdal og Aurland Grønnkraft etter at den opphavlege småkraftplanen for Øvre Kvemma vart avslått av NVE. No sender Lærdal og Aurland Grønnkraft ein ny søknad om kraftutbygging i Øvre Kvemma, der den viktigaste endringa er at planen om overføring av elva Volldøla til Øvre Kvemma er teken ut av framlegget. Det er også gjort ein del andre endringar i framlegget.

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane har i si tidlegare fråsegn om utbygginga gått mot planen for bygginga av dette kraftverket. Grunnen var hovudsakleg at elva Volldøla skulle overførast til Øvre Kvemma, men vi la også stor vekt på at det no er viktig å ta vare på dei urørte elvene som er igjen i Lærdal. Den nye planen til Lærdal og Aurland Grønnkraft er sjølv sagt meir akseptabel for oss sidan Volldøla ikkje er med i planen, noko NVE også har lagt stor vekt på. Det er også gjort nokre andre forbetringer med omsyn til landskapet ved at m.a. vatnet vert tilført i tunell i staden for i røyr i øvre delen av elva.

Vi har likevel tidlegare gjort greie for at hovudårsaka til at vi også må seie nei til den nye konsesjonssøknaden, er det "trykket" som har vore og er på store og små kraftutbyggingar i Lærdal. Det er som tidlegare nemnt få meir eller mindre urørte elver som er igjen i bygda, og desse er det no på tide å ta vare på til glede for landskaps- og naturopplevinga og ikkje minst friluftslivet for busette i bygda og dei som vitjar Lærdal.

Med helsing Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
ved rådgjevar Jon Farestveit, 6856 Sogndal (sign)